



## Notat

Dato: 12.06.2015  
Arkivsak: 2014/21447-8  
Saksbehandlar: helmoe\_

---

Til: Kultur- og ressursutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Prosjekt Bryggen 2015

Prosjekt Bryggen er eit langsiktig istandsettingsprogram som skal bidra til sikring og istandsetting av verdsarvstaden Bryggen. Frå 2010 har Hordaland fylkeskommune hatt ansvar for å fordele delar av midlane til istandsetting, sikring og nokre fellesoppgåver. I sak 56/13 vedtok Fylkesutvalet retningslinjer for tilskot, og ga fylkesrådmannen mynde til å fordele tilskot til tiltak i ordninga.

#### Dei pågåande istandsettingstiltaka

##### Bygning Ba og Bb i Bugården

Istandsettinga av bygningane Ba og Bb i Bugården blei starta i 2013, og er forventa ferdigstilt innan utgongen av 2015. Her er Stiftelsen Bryggen tiltakshavar og prosjekterande part. Grunna nokre månaders forseinkingar i 2014 blir ubrukte midlar frå 2014 overført til bruk i 2015. Forseinkingane i 2014 hadde sine plausible grunnar, og det er god framdrift i istandsettinga.

Det er i tillegg til tilskot for 2015 òg løyvd nokre midlar til førehandstilsegn for 2016. Førehandstilsegnet skal brukast på å utarbeide sluttrapport for istandsettinga.

##### Bygning 7d i Bellgården

Istandsettinga av bygning 7d i Bellgården blei starta våren 2011, med Bellgården AS som tiltakshavar og Gamle3Hus As som prosjekterande part. Istandsettinga er forseinka, men det er lite arbeid som står att. Planlagt ferdigstilling er no sommaren 2015.

I tillegg til tilskot for 2015 har tiltakshavar òg søkt om tilskot for å dekke forbruk ut over tilsegn i perioden 2011 – 2013, dette blir handsama separat frå dei andre søkerne for 2015 og er ikkje med i søknadsbeløpa i den vedlagte tabellen. Søknaden fekk avslag frå Hordaland fylkeskommune. Ein klage på avslaget er til handsaming hos Riksantikvaren.

##### Bygning 4a – 4d og 5a – 5c i Svensgården

I Svensgården har sju bygningar vore under istandsetting sidan 2007, desse bygningane er eigd av Olav Thon Gruppen og er forvalta av Vats AS, som er tiltakshavar for istandsettingstiltaket. Tre bygningar er tidlagera ferdigstilt i «fase 2, istandsetting uansett bruk». Ein fjerde bygning er så nær som ferdigstilt i «fase 2», men dei siste arbeida må ein vente med til nabobygningen 5a er ferdigstilt.

Det står att tre bygningar i dette delprosjektet, to av desse er frontbygningane (4a og 5a). For desse to bygningane har tiltakshavar i 2015 levert inn forprosjekt for istandsetting. Det er lagt opp til at forprosjektet skal handsamast ferdig innan hausten 2015, men tiltakshavar har lagt opp til ein framdriftsplan og finansieringsplan som ikkje er realistisk i høve til dei forventa rammene til prosjekt Bryggen dei kommande åra. I tillegg har tiltakshavar signalisert at dei ønskjer å diskutere istandsettingsmetodane som nyttast på Bryggen, så det kan stå att fleire ting å avklare før det kan utførast forundersøkingar og detaljprosjektering for bygning 4a og 5a. Ei istandsetting av bygning 5c er ikkje starta.

Det er i tillegg til tilskot for 2015 òg løyvd 1,4 millionar kroner som førehandstilsegn for 2016. Noko av førehandstilsegnet kan brukast til forundersøkingar og detaljprosjektering av bygning 4a og 5a hausten 2015.

#### **Fordeling av tilskot i 2015**

Dei årlege statlege løyingane har variert noko. Den disponible ramma til fordeling i 2015 var klarlagt i månadsskiftet april/mai, noko som er seinare enn vanleg. Total ramme til fordeling til tiltak som gjeld istandsetting, sikring og fellesoppgåver i 2015 er ca. 15,8 millionar kroner, inklusive overførte midlar frå 2014.

For 2014 var det totalt søkt om ca. 19,1 millionar kroner i tilskot. Vedlagt er tabellar som viser tilskot og overføring av midlar frå 2014, og søknadsbeløp og fordeling av tilskot i 2015.

Hovuddelen av tilskotsmidlane i 2015 er fordelt til istandsettingstiltak. Som tidlegare år er det i tillegg gitt tilskot til Materialbanken, til felles brannsikringstiltak og til felles driftsoppgåver.

Vidare er det gitt tilskot til eit forprosjekt for istandsetting av to av frontbygningane i Bredsgården. Det ligg dermed an til at dette, parallelt med fortsatt istandsetting i Svensgården, vil bli det neste istandsettingstiltaket etter at istandsettinga i Bugården er ferdig. Det er òg gitt tilskot til eit sikringstiltak i Bellgården og til å fortsette arbeidet med å reparere murverk og puss på ein av steinkellarane.

Vedlegg:

- Fordeling av tilskot 2015
- Tilskot og overførte midlar i 2014
- Konsulentrapport frå KPMG